

ORDNING FOR HØGMESSE MED DÅP OG NATTVERD

Vangskyrkja på Voss

I. samling

1 | Førebuing

Kyrkjerommet skal vere ope ei stund før gudstenesta, med høve til å sitja i stille, i ettertanke og bøn.

Klokkeringing Tre klokkeslag

2 | Inngangssalme

I fall det er prosesjon går den inn under preludiet/forspelet eller inngangssalmen, leia av krossberar.

3 | Inngangsord

Liturgen avgjer kva for inngangsord ein skal bruka. Alternativet her er vanlegast:

Kjære kyrkjelyd. L | Må vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage Andes samfunn vera med dykk alle.

4 | Samlingsbøn

Liturgen kan velja ei anna samlingsbøn, avhengig av kva søndagen handlar om. Dagens bøn kan nyttast som samlingsbøn, fyrst og fremst på høgtidsdagar.

Samlingsbøna vert innleia med:

L | Lat oss be.

Til vanleg vert denne samlingsbøna brukt.

ML | Gud, vi er komne inn i ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.

Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg. Amen.

6 | Bønerop kyrie

Kyrie vert sunge.

A | Kyrie eleison, Gud Fader, miskunna deg.

Kriste eleison, Herre Krist, miskunna deg.

Kyrie eleison, Heilag Ande, miskunna deg.

7 | Lovsang gloria

Gloria vert sunge.

L | Ære vere Gud i det høgste

M | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

Utvida lovsong kan brukast på høgtidsgudstenester. *Se side 2.41.*

Dåpssalme

Kyrkjelyden står under dåpssalma og dåpsfylgjet kjem inn i kyrkjerommet i prosesjon, før dei går til sine reserverte plassar.

1 Mottaking til dåp

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Med takk og glede kjem vi i dag med *dette barnet/desse borna* til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

ML/L | Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

Mark 10,13–16

L | Lat oss takka og be:

Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for *NN/NN* som i dag skal bli *døyp/døypte*. *Ho/Han/Dei* er dyrebar(e) i dine auge. Ver hos *henne/han/dei* med din kjærleik og gje *henne/han/dei* ein heim i di kyrkje. Amen.

3 Dåpsbefalinga

L | Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåpen:

ML/L | Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.

Matt 28,18–20

4 Fadderansvaret

L | Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De skal vera vitne om at *barnet/borna* er *døypt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar:

- å visa omsorg for *henne/han/dei*,
- be for *henne/han/dei*,
- læra *henne sjølv/han sjølv/dei sjølve* å be
- og hjelpa *henne/han/dei* til å bruka Guds ord
- og delta i den heilage nattverden,

så *ho/han/dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

5 Forsakinga og trua

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til.
Alle reiser seg.

A | **Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.**

**Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned
til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande, ei heilag allmenn
kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av
lekamen og evig liv. Amen.**

Den apostoliske truvedkjenninga

6 Dåpshandlinga

Ein heller vatnet i døypefonten.

L | Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådens kjelde, der du tilgjev oss vår synd, frelsar oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så *ho/han/dei* som blir *døypt/døypte*, blir *reist/reiste* opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

Dåpsfølgjet går fram til døypefonten.

L | Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornarnet på barnet.

L | Vil de at NN skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

Den som ber barnet, foreldra /dei føresette og fadrane svarar: Ja.

L | Gud vare din inngang og din utgang frå no og til evig tid. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket ✠ til eit vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til.

L | NN, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

L | Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet. Fred vere med deg.

Ein seier følgjande ord:

L | Dette er NN (fornamn), Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.

Etter kvar dåp og presentasjon kan ein tenna eit lys. Liturgen kan seia:

L | Eit lys er tent for NN.

Når alle dåpslysa er tende, seier liturgen:

L | Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

Joh 8,12

L | Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

1 Pet 1,3

II. ordet

Kyrkjelyden står under evangelielesinga.

9 | Salme

Det kan syngast ein bibelsk salme eller ei anna salme.

11 | Evangelium

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter ...

Lesing vert avslutta med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

12 | Preike

Preika kan avsluttast med lovprisinga:

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal ein sann Gud frå æva og til æva.

14 | Salme

III. forbøn

15 | Kunngjeringar

Det fulle namnet på dåpsborna vert lese opp under kunngjeringane.

Kunngjeringene vert avslutta med at kyrkjelyden reiser seg og minnest dei frå kyrkjelyden som er gravlagde sidan sist kyrkjelyden var samla.

ML | Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.

Namna vert lesne opp.

Herre, ver nær hjå dei som har mist ein av sine kjære. Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjartet. Salme 90,12

5 | Syndsvedkjenning

Synsvedkjenninga vert innleia med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

Til vanleg brukar ein denne synsvedkjenninga:

A|: Gud, ver meg nådig!

Eg har synda mot deg og svikta min neste - med tankar og ord,
med det eg har gjort

og med det eg har forsømt.

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte,

og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

Andre synsvedkjenningar, se side 2.35–2.38.

Lovnadsord

L | Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er Herrens miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå OSS. Salme 103,11-12

16 | Forbøn for kyrkja og verda

Vi har utforma lokal forbøn som normalt brukast i høgmesse. Litaniet vert sunge i fastetida. Ein nyttar fredslitaniet 17.mai.

Denne bønna lesast under forbøna, saman med lokalt uforma forbøn.

L | Lat oss takka og be.

ML/L | Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen, der du tek imot oss og kallar oss med namn.

Vi bed for NN/borna/dei som er døypt/døypte i dag. Ver med henne/han/dei gjennom livet og vara henne/han/dei i dåpens nåde. Styrk foreldra og fadrane i oppgåva dei har fått. Gud, høyr vår bøn.

Vanleg kyrkjelydssvar syngast mellom kvart ledd:

Herre høyr vår bøn.

Ved siste ledd syng ein også: **Amen.**

17 | Takkoffer frå kyrkjelyden

Normalt innsamling av takkoffer i benkane. . Dersom ein har utdeling av nattverd ved intinksjon, skal ein samla inn takkofferet rundt alteret. Under innsamlinga kan det vera korsong, solosong eller annan høveleg instrumental musikk eller kan ein syngja éin eller fleire salmar.

Ofringa vert avslutta med ei kort bøn:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

IV. nattverd

19 | Førebuing av måltidet

Salme

Brød og vin blir sett på altaret, dersom det ikkje vart gjort då gudstenesta tok til. Ein legg brød på disken og heller vin i kalken.

20 | Takkseiing og bøn

Helsing prefasjonsdialog

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng | Og med deg vere Herren.

L | Lyft dykkar hjarte.

K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising alt E

Som hovudordning brukar vi alt E. Liturgen kan velja ein annan ordning ved særskilte høve.

L | Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender.

Saman med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda lovprisar vi ditt heilage namn:

Heilag sanctus

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Nattverdsbøn med Innstiftingsorda verba

L | Heilage Gud, du har skapt oss i ditt bilete og gjeve oss livet i gåve. Vi takkar deg for Jesus Kristus, verdens frelsar. Han døydde og stod opp att, så vi ved trua på han får tilgjeving for syndene og evig liv. Vi takkar deg for dåpen, der vi blir fødde på nytt, og for nattverden, der du samlar oss som din store familie.

Vi bed deg: Send din Ande over oss og over dine gåver. Gjer oss til eitt med kvarandre og med Jesus Kristus.

Innstiftingsorda verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

L | Gud, ta oss alle i din famn, slik ei kjærleg mor samlar borna sine om seg.
Gjev oss å elska kvarandre, slik du elsker oss. Lat dei små bli lyfte opp og dei svoltne bli metta med gode gåver.

Liturgen og/eller eitt eller fleire born seier:

Saman med alle dine born bed vi den bøna Son din har lært oss.

Fadervår

Kan lesast eller syngjast.

A | Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

21 | Nattverdsmåltidet

Fredshelsing pax

L | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

Du Guds Lam agnus dei

A syng | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
gjev oss din fred.

L | Kom, for alt er gjort ferdig.

Utdeling

Som hovudordning har vi nattverdsutdeling ved intinksjon, når vi har Høgmesse med dåp og nattverd..

Under utdelinga kan det vera korsong, solosong eller annan høveleg instrumental musikk eller kan ein syngja éin eller fleire salmar.

Utdelingsorda lyder slik:

Dette er Jesu lekam.

Dette er Jesu blod.

Den enkelte kan svara: **Amen.**

Born og andre som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning. Som velsigningsord tilrår ein å bruka desse orda:

Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

Etter utdelinga:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.

Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

Fred vere med dykk.

22 | Avslutning av måltidet

Takkebøn

Til vanleg brukar vi denne takkebøna når høgmessa har både dåp og nattverd.

L/ML | Trufaste Gud,

du som i dåpen har gjeve oss barnekår

og gjort oss til arvingar i ditt rike.

Vi takkar deg for dette måltidet,

der du har gjeve oss forlating for syndene

og fornya oss i trua på dine lovnader.

A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

Kalken og disken blir dekte med kalkkledet.

V. Sending

22 | Salme

Kyrkjelyden står under siste salma.

23 | Velsigning

Lovprisning benedicamus

Normalt:

L syng | Lat oss prisa Herren.

M | **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Velsigning

L seier eller syng | Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

A | **Amen. Amen. Amen.**

Tre gonger tre bøneslag

25 | Postludium

26 | Utsending

L | Lat oss gå i fred.

A | og tene Herren med glede.